

Sek 11/18

Vedlegg 6

Nye innspel

pr. 03.04.18



Øvre Årdal, 28.03.2018

Fylkesdirektør for utdanning Bekka Skaasheim

Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019

Årdal Næringsamskipnad er ein medlemsorganisasjon med 60 medlemsbedrifter i Årdal som er opptekne av å sikre rekruttering til industrien i åra framover som fylgje av stor pensjonsavgang og forventningar om vekst. Dette gjer at ein er uroa for reduksjon i utdanningstilbodet ved Årdal Vidaregåande skule.

Det er lågt søkeratal til vidaregåande trinn 2 kjemiprosess i Årdal. Dette er ei fylkeslinje, og såleis er dette alvorleg for heile industrien i fylket, når det gjeld å rekruttere naudsynt arbeidskraft. Dette er ei fagutdanning der alle elevane får lære plass og jobb i lokale bedrifter. I skuleåret 2016-2017, var det 7 elevar på linja og alle fekk lære plass. Hydro, Norsun og Elkem er svært avhengige av denne linja i rekrutteringsarbeidet og vil normalt kunne tilby lære plassar til ei full linje.

Årdal satsar no gjennom vedteken kompetansestrategi å styrke samarbeidet med skuleverket og sikre god kvalitet på fagutdanninga i fylket. Vidaregåande trinn 2 er eit viktig tilbod i denne satsinga.

Vi ber om at Årdal får aksept for å få køyre klassar med noko lægre oppfyllingsgrad enn ønskjeleg, fordi ein no har to til tre år med lågt elevtal og prosjektet knytt til kompetansestrategi får effekt for industri- og teknologiutdanningane ved skulen.

Det vil vere lite føremålstenleg å ta bort eit tilbod som det om kort tid vil vere bruk for att. Lærarane som i dag er knytt til utdanninga, skal også vere ein del av satsinga knytt til kompetansestrategien vi no skal gjennomføre saman med næringslivet i fylket. Denne satsinga er også forankra i nasjonale prosjekt som Norsk Katapult og Omstillingsmotoren til Innovasjon Norge.

Rekrutteringsbehovet i Årdal er stort dei neste åra. I det som no ser ut til å bli ein svært omfattande utbyggingsfase ved Norsun og det at store kull går ut i pensjon ved Hydro, set store krav til ei målretta satsing på rekruttering frå næringslivet si side. Dette må starte i den vidaregåande skulen.

Næringslivet i Årdal ber hovudutval for opplæring om å oppretthalda Vidaregåande trinn 2 kjemiprosess ved skulen i Årdal.

Med helsing

Årdal Næringsamskipnad

Kjell Nesse

Styrelseiar



Fylkesdirektør for utdanning Bekka Skaasheim
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019

LO I Årdal har omlag 2400 medlemmar fordelt i ulike foreiningar. Mange av våre medlemmar arbeider innafor industrien og difor er me opptekne av å sikre rekruttering til industrien i åra framover som fylgje av stor pensjonsavgang og forventningar om vekst. Dette gjer at ein er uroa for reduksjon i utdanningstilbodet ved Årdal Vidaregåande skule.

Det er lågt sokartal til vidaregåande trinn 2 kjemiprosess i Årdal. Dette er ei fylkeslinje, og såleis er dette alvorleg for heile industrien i fylket, når det gjeld å rekruttere naudsynt arbeidskraft. Dette er ei fagutdanning der alle elevane får lærepllass og jobb i lokale bedrifter. I skuleåret 2016-2017, var det 7 elevar på linja og alle fekk lærepllass.

Den fylkesdekkande linja i Årdal er svært viktig for industrien, og eit viktig tilbod ved den vidaregåande skulen i Årdal.

Årdal satsar no gjennom vedteken kompetansestrategi å styrke samarbeidet med skuleverket og sikre god kvalitet på fagutdanninga i fylket. Vidaregåande trinn 2 er eit viktig tilbod i denne satsinga.

Vi ber om at Årdal får aksept for å få køyre klassar med noko lægre oppfyllingsgrad enn ønskjeleg, fordi ein no har to til tre år med lågt elevtal og prosjektet knytt til kompetansestrategi får effekt for industri- og teknologiutdanningane ved skulen.

Det vil vere lite føremålstenleg å ta bort eit tilbod som det om kort tid vil vere bruk for att. Lærarane som i dag er knytt til utdanninga, skal også vere ein del av satsinga knytt til kompetansestrategien vi no skal gjennomføre saman med næringslivet i fylket. Denne satsinga er også forankra i nasjonale prosjekt som Norsk Katapult og Omstillingsmotoren til Innovasjon Norge.

Rekrutteringsbehovet i Årdal er stort dei neste åra. I det som no ser ut til å bli ein svært omfattande utbyggingsfase ved Norsun og det at store kull går ut i pensjon ved Hydro, set store krav til ei målretta satsing på rekruttering frå næringslivet si side. Dette må starte i den vidaregåande skulen.

LO I Årdal ber hovudutval for opplæring om å oppretthalda Vidaregåande trinn 2 kjemiprosess ved skulen i Årdal.

Med helsing
LO I Årdal
Siv Aspeseter
Leiar




Sogn og Fjordane Fylkeskommune
v/Hovudutval for opplæring

Stryn kommune vil med dette kome med innspel til fordelingssak vedrørende tildeling av klasser ved Stryn vidaregåande skule 2018/2019.

1. Stryn vidaregåande skule har rekordstor søknad til VG1 i år med heile 126 primærskjarar. Det er difor rimeleg at dette også viser at i fordeling av klasser. I innstillinga til Fylkesdirektøren har skulen netto ei klasse mindre enn i fjor. Det er oppretta 114 elevplassar på VG1, 12 mindre enn kva det er primærskjarar til.
 2. Stryn kommune vil oppfordre politikarane om å fylge prioriteringa som leiinga av skulen sende inn før prøveinntaket. Det er viktig med to grunnkursklasser på studiespesialisering. Stryn VGS har ikkje andre studieførrebuande utdanningar.
 - a. Det vil vere avgjerande for fagbredda elevane kan velje i på VG2 og VG3 at det er to klasser.
 - b. Eit stort antall med elevar frå våre nærskular vil måtte reise ut av nærmiljøet sitt. Desse vil igjen kunne føre til rokeringar på andre skular. Prøveinntaket viser 47 skjarar med rett, pluss to utan rett. Det vil dermed bli to klasser med om lag 25 elevar i kvar.
 - c. Det er god søknad til Landslinja i skiskyting. Det ser ut som ni av ti plassar vil bli fylt opp. Dette betyr at det er berre 21 plassar att til ordinære skjarar om det blir berre ei klasse. Det vil vere viktig både for at Landslinja skal kome godt i gong, og for dei andre skjararane på studiespesialisende at ein kjem i gong med to klasser.
3. VG2 Byggteknikk. Her er det mange vekslingselevar. Dei fleste av desse har alt fått lærlingkontrakt og er i gong med sitt løp. Det vil difor vere viktig at dei kan halde fram med utdanninga si. Vi vonar difor det vil bli sett av ressursar nok til at dei som no er i gong, får halde fram.

Vi har respekt for at det skal gjerast mange vanskelege val i denne saka. Vil likevel understreke at Stryn VGS har stor søknad og sjølv med to klasser på VG1 studiespesialisering vil halde seg innanfor klassesetalet som var utlyst ved skulen. Dersom politikarane ikkje finn rom for to klasser VG1 studiespesialisende ved skulen, samstundes som dei opprettheld dei andre tilboda, vil det vere meir ynskjeleg med ei klasse VG1 Service og samferdsel og to klasser VG1 studiespesialisende enn omvendt.

Stryn 02.04.2018

Mvh

Sven Flo
Ordførar
Stryn Kommune